



Nynorsk kultursentrum

# Retningslinjer Olav H. Hauge-stipendet

## Mål

- Stimulere unge, særmerkte forfattarskapar innanfor skrift- eller songlyrikk på nynorsk, dialekt og bokmål
- Sikre talentfulle lyrikarar gode arbeidsvilkår og eit tryggare rom for kunstnarleg utvikling
- Fremje interessa for lyrikk generelt og framheve ei vidare forståing av lyrikk
- Profilere Hauge-senteret som eit leiande dokumentasjons- og formidlingssenter for lyrikk i Noreg
- Synleggjere Ulvik poesifestival som ein viktig lyrikkfagleg møteplass

## Strategi

Olav H. Hauge-stipendet skal bli ein viktig og betydeleg heider til unge norske lyrikarar. Med eit stipend for unge diktarar vil vi framheve dei nye og særprega lyrikarane som er med og held det lyriske språket levande og aktuelt.

Stipendet skal femne om all lyrikk på dei to norske språka, dialektane medrekna. I mykje av songlyrikken dominerer dialekt over både bokmål og nynorsk. Det må over tid vere ei jamn fordeling mellom bokmål og nynorsk. På dette feltet er det å bruke nynorsk ingen negativ faktor. Difor kan Hauge-stipendet peike på kor viktig det er å dikte på norsk.

Ved å dekke heile lyrikkfeltet skal stipendet fremje det offentlege ordsiftet om kva lyrikk er. Eit vidt felt opnar for uventa tildelingar. Olav H. Hauge-stipendet skal stimulere til ulike typar dikting, der fellesnemnaren er kvalitet. Stipendet er det første som kryssar grensa mellom skriftlyrikk og songlyrikk.

Hauge-stipendet skal få positive følger for vinnaren ved at lyrikaren får betre arbeidsvilkår og dermed eit tryggare rom for kunstnarleg utvikling. Det skal også gi stipendvinnaren fleire arenaer å bli synleg på.

## Stipend, organisering og finansiering

Stipendet er på kr. 150 000 og blir kunngjort under opninga av Ulvik poesifestival. Stipendperioden er to år, og stipendet skal vere viktig også etter at det er delt ut. Stipendvinnaren skal framføre eit nyskapt verk på neste poesifestival, dvs. om to år. Vinnaren er òg med på eit arrangement i regi av Hauge-senteret i mellomåret. Vi skal ikkje bruke opp kunstnartida til stipendvinnaren, men dersom andre avdelingar i Nynorsk kultursentrum vil bruke vinnaren, blir dette avtalt og honorert på vanleg måte. Reise og opphald kjem i alle høve i tillegg.

Stipendet er finansiert av Sparebanken Vest, Sparebankstiftinga Hardanger og gjennom driftsstøtta frå Ulvik herad til Poesifestivalen.

## Open utlysing

Stipendet blir kunngjort som ei open utlysing der kven som helst kan føreslå kandidatar. Ei slik open ordning gjer stipendet interessant for fleire, og vil involverer fleire fagmiljø. Ei open stipendordning vil også bidra til at ulike fagmiljø kan fremje stipendkandidatar.

## **Fagjury**

Styret i Nynorsk kultursentrum utnemner ein fagjury på tre medlemmer. Eit av medlemmene blir utnemnd etter framlegg frå Norsk Forfattarsentrum. Styret utnemner leiar for fagjuryen. Dagleg leiar for Hauge-senteret er sekretær og deltek på jurymøta. Fagjuryen blir i første omgang utnemnd for fire år, deretter for to år slik at det annakvart blir eit nytt medlem. Ei slik sirkulering skal hindre at nokre preferansar blir for dominerande over tid.

## **Habilitet**

Nynorsk kultursentrum legg til grunn tilsvarende regelverk og praksis som blir følgd i Norsk kulturråd.

## **Offentlegheit**

Stipendet blir utlyst på nettstad og annonser i utvalde media. Alle kan foreslå kandidatar med ei kort grunngiving. Kandidatlistar og namn på forslagsstillarar er ikkje offentleg. Moment frå forslaget om den som får stipendet, kan bli brukte i grunngiving og omtale utan kreditering.

Fagjuryen si innstilling til stipendvinnar med grunngiving blir handsama av styret i Nynorsk kultursentrum i styremøte der saka er unnateke offentlegheit. Stipendvinnar og grunngiving blir offentleg når sperrefristen for pressemelding for stipendvinnaren blir kunngjort i samband med opninga av Poesifestivalen.

Drøftingar i styre av retningslinjer, statuttar og prinsipielle spørsmål knytt til stipendet vil vere offentlege.

## **Administrasjonskostnader**

Administrasjonskostnadene er avgrensa til kunngjering og utlysing av stipendet, møter i fagjuryen og reis og opphald for stipendvinnar og fagjury. Det faste møte i fagjuryen anna kvart år er eit vanleg møte, er det behov for andre møte, blir desse gjennomførte som telefon- eller videomøte. Jury medlemene blir honorerte etter statsatsane for møtedeltaking i råd og utval.

Administrasjonskostnadane er finansiert av Sparebanken Vest, Sparebankstiftinga Hardanger og gjennom driftsstøtta frå Ulvik herad.

## **Godkjenning og endring**

Desse retningslinjene gjeld frå 1. september 2018 etter vedtak i styret i Nynorsk kultursentrum den 20. august 2018.

Vedlegg:

*Statuttar for Olav H. Hauge-stipendet*

## **Statuttar for Olav H. Hauge-stipendet for unge lyrikarar**

*Vedtatt av styret i Nynorsk kultursentrum 8. juni 2017*

1. Olav H. Hauge-stipendet blir tildelt ein norsk lyrikar, songar eller tekstforfattar under 40 år som har gitt ut inntil tre diktsamlingar eller eigne større songverk og med denne kunstnarskapen har vist eit særleg poetisk talent.
2. Stipendet blir første gongen delt ut under Ulvik poesifestival 2018.
3. Stipendet blir over tid fordelt jamt mellom kvinner og menn som skriv på nynorsk og bokmål. Kunstnarar som nyttar dialekt, kan også få stipendet.
4. Styret i Nynorsk kultursentrum oppnemner ein stipendjury på tre personar med stor fagleg tyngd og sterk litterær posisjon. Ein av medlemmene blir oppnemnd etter framlegg frå Norsk Forfattarsentrum, som nominerer to kandidatar. Styret fastset også leiar for juryen. Første gongen blir medlemmene valde for fire år, seinare for to år om gongen. Ingen kan vere jurymedlem i meir enn åtte år.
5. Styret i Nynorsk kultursentrum fastset storleiken på stipendet.
6. Stipendet blir lyst ut innan 15. januar dei åra Ulvik poesifestival blir arrangert, med forslagsfrist 15. mars. Alle interesserte kan kome med forslag, og forslaga bør ha ei kort grunngiving.
7. Dagleg leiar ved Hauge-senteret er sekretær for stipendjuryen og nominerer innan 15. april tre kandidatar til stipendet med grunngiving.
8. Stipendjuryen avgjer stipendvinnaren før 20. mai med ein grunngiving på inntil 1000 teikn. Styret blir orientert om avgjerda på første styremøte etterpå.
9. Vinnaren av Olav H. Hauge-stipendet blir kunngjord under opninga av Ulvik poesifestival.
10. Hauge-senteret avtalar med stipendvinnaren deltaking på eit kulturarrangement i mellomåret og eit nyskapt verk til neste poesifestival. Stipendet inkluderer godtgjersle for dette, men reise og opphald kjem i tillegg. Andre avdelingar i Nynorsk kultursentrum betaler vanleg honorar ved eventuell deltaking på arrangement i deira regi.
11. Hauge-senteret administrerer kunngjering, marknadsføring, organisering og oppfølging av Olav H. Hauge-stipendet.
12. Stipendordninga føreset nødvendig ekstern finansiering.